



KOPI

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9909 - 21/84011

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
12.12.2021

Spørsmål frå landbruksavdelinga til delingssak - gbnr 156/10 - Austrheimsvegen

Landbruksavdelinga i Alver har ansvar for landbruksforvaltninga i Austrheim kommune. Me har fått oversendt søknad om deling på gbnr 156/10 til handsaming etter jordlova.

Gbnr 156/10 er ein landbrukseigedom registrert med 59,2 daa fulldyrka areal, 0,3 daa overflatedyrka jord og 10, 7 daa innmarksbeite. I tillegg er det skop og utmark til eigedomen som har eit samla areal på 197,8 daa. I høve til jordressursar er dette ein ganske stor eigedom på våre kantar og ved ei eventuell konsesjonsbehandling ville det vera naturleg å setja vilkår om buplikt.

Det er svært sjeldan at det vert gitt løyve etter jordlova til å dela frå det einaste bustadhuset frå landbrukseigedomar av denne storleiken, utan at resten av jord og skogareal vert seldt som tilleggsjord til bruk i aktiv drift.

Me vil difor be om tilbakemelding om det her berre er tale om frådeling av bustadhuset eller om det er tankar om å avhenda resten av eigedomen. I så fall vil det vera ein viktig opplysning i samband med jordlovshandsaming, eventuelt kan det setjast som vilkår for samtykke til deling.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM

Mottakarar:

Opplysningsvesenetes Fond

p.b 535 Sentrum

0105

OSLO

KOPI